



OSLO TINGRETT

DOM

Sagt: 23. august 2018

Saksnr.: 18-030088 TVI-OTIR/04

Dommar: Tingrettsdommar Oddmund Svarteberg

Saka gjeld: Overprøving av vedtak og beslutningar om avslag på opphaldsløyve og av vedtak om utvisning

A

Advokat Javeed Hussain Shah

mot

Staten v/utlendingsnemnda

Advokatfullmektig Caroline Brein

Det blei sagt slik

d o m :

Saka gjeld tvist om eit vedtak og to beslutningar av Utlendingsnemnda om å nekte saksøkaren opphald her i landet på grunnlag av ekteskap, og eit vedtak om å utvise han og ilegge han fem års innreiseforbod, er ugyldige. Kjernen i saka er om ekteskapet blei inngått med det hovudformålet at saksøkaren skulle få opphald i Noreg, og om det blei inngått mot ektefellen sin vilje.

Bakgrunnen for saka

Saksøkaren **A** er født 23. februar 1987 i Gujrat i Punjab i Pakistan og har 14 års skolegang. Han bur i byen Lala Musa der han arbeider som .

B er født 22. april 1991 i Norge og er pedagogisk leiar i ein barnehage. Ho har to yngre søsken og ein eldre bror, **C** som er født 24. november 1987. Han kom til Noreg saman med foreldra deira frå Gujrat i Pakistan då han var ni månader gammal. Mor til søskena er søskenbarn (kusine) til mor til **A**

B forklarte i retten at ho var ofte i Pakistan fram til ho var 12 år, og ein gong var ho der i eitt år, men etter det var ho ikkje der igjen før i 2007.

B og **C** og mor deira, og truleg også resten av kjernefamilien, reiste til Pakistan 6. desember 2007 for å delta i feiringa av at bror til mor deira, **E**, gifta seg. **C** har forklart at han i bryllaupet kom i prat med ei ung kvinne, **D** som han ikkje er i slekt med, mens ho sat ved sida av brura **F** som er besteveninna hennes, og han sat ved sida av brudgommen. Etter at han var kome tilbake til Noreg, hadde **F** kontakt med han og familien hans, og med **D** og familien hennes.

Vidare har **C** forklart at han kring årsskiftet 2008/2009 var ei veke i Pakistan. Han forlova seg då med **D** heime hos hans familie i Gujrat. Retten skyt inn at det går fram av passet til mor hans at ho reiste frå Gardermoen 20. desember 2008 og kom tilbake 11. januar 2009. Dermed legg retten til grunn at ho var til stades då sonen forlova seg.

I intervjuet med **A** 28. april 2013 der det korrekte årstalet må vere 2014, fortalde han at han og **B** forlova seg eitt år etter at dei møttest, eller kanskje mindre enn det. Vidare sa han slektningar til **B** som budde i Pakistan, var til stades under forlovingsseremonien, men at korkje ho eller nokon av familien hennes i Noreg var til stades. Då **B** blei intervjuet 5. desember 2013, svara ho på spørsmål at ho og **A** forlova seg i 2007/2008.

I intervjuet med **A** svara han at **B** og han hadde nikah i 2010, og at **C** gifta seg få dagar eller veker seinare. Då **B** blei intervjuet, svara ho på spørsmål at ho og **A** inngjekk ekteskap 3. desember 2010.

Det går fram av passet til mor til **B** at ho reiste til Pakistan 23. juni 2010 og mest truleg var ho der til i mars 2011. I følgje **B** sitt pass kom ho til Pakistan 2. desember 2010 og reiste att 29. desember 2010. Av vigselattesten går det fram at ho og **A** gifta seg 3. desember 2010. I følgje begge sine forklaringar hadde dei då berre nikah-seremoni og ikkje andre seremoniar.

Då bror til **B** blei intervjuet, fortalde han at han gifta seg med **D** i Gujrat i Pakistan 5. desember 2010, og at dei hadde rukshati den same dagen. Dei hadde også valima. **D** budde etter det hos hans familie til han reiste tilbake til Noreg 29. desember 2010. På spørsmål svara han at hans og **B** sine nikah-seremoniar hadde vore med få dagars mellomrom, men at ho og **A** ikkje hadde andre seremoniar.

Det gjekk tre år før **B** og **A** møtte kvarandre igjen. Då **A** blei intervjuet fortalde han at det skjedde i samband med at dei 27. desember 2013 hadde seremonien rukshati, og i retten sa han at dei hadde valima dagen etter. Då var foreldra og søskena til begge to til stades, og dessutan slektningar og vener.

Seinare har **B** vore i Pakistan tre gonger i 2014, ein gong i 2016, ein gong i 2017 og ein gong i 2018. Dessutan var ho og **A** i Tyrkia frå 17. til 19. februar 2018.

Ved vedtak av 18. august 2015 avslo Utlendingsdirektoratet **A** sin søknad om mellombels opphaldsløve her i landet med familieinnvandring som grunngeving. Utlendingsnemnda tok vedtak av 18. august 2017 ikkje til følgje **A** sin klage på avslaget. Ved beslutning av 19. oktober 2017 skal Utlendingsnemnda ha avslått **A** sin klage på nemnda sitt vedtak.

Utlendingsdirektoratet utviste **A** frå landet ved vedtak av 13. januar 2017, og gav han fem års innreiseforbod av di han hadde gitt uriktige opplysningar då han søkte om familieinnvandring. Utlendingsnemnda tok vedtak av 15. januar 2018 ikkje til følgje **A** sin klage på utvisinga og innreiseforbodet.

A sin prosessfullmektig sende 15. januar 2018 søksmålsvarsel til Utlendingsnemnda og ba om at dei to vedtaka blei omgjorte. Ved beslutning av 22. januar 2018 kom nemnda til at det ikkje var grunnlag for å gjere om vedtaket og beslutninga om å nekte **A** mellombels opphaldsløve her i landet. Retten kan ikkje sjå at nemnda har teke stilling til klagen på vedtaket om utvising og fem års innreiseforbod, noko som blir underbygd av at det i beslutninga av 22. januar 2018 står at det ikkje er grunnlag for «å omgjøre det tidlige vedtaket».

Saksgangen for retten

Ved stemning av 21. februar 2018 gjekk **A** til sak mot staten v/Utlendingsnemnda med påstand om at nemnda sitt vedtak av 18. august 2017 og seinare beslutningar om ikkje å innvilge han opphald her i landet, og nemnda sitt vedtak av 15. januar 2018 om å utvise han, blir kjend ugyldige. Ved tilsvar av 9. april 2018 imøtegjekk Utlendingsnemnda krava og la ned påstand om å bli frifunne.

Etter eitt planleggingsmøte og elles skriftleg saksførebuing blei hovudforhandling halde i Oslo tinghus 13. og 14. august 2018. **A** sin prosessfullmektig, advokat Javeed Hussain Shah, var til stades. Sjølv var han ikkje til stades, men han forklarte seg over høgtalende telefon frå Pakistan via tolk. Førstekonsulent Erlend Velle Pedersen i Utlendingsnemnda møtte i lag med staten sin prosessfullmektig, advokatfullmektig Caroline Brein, og gav forklaring. Seks vitne, av dei tre privat engasjerte sakkunnige, forklarte seg for retten. Kva dokument det blei dokumentert frå under hovudforhandlinga, går fram av rettsboka og dokumenta i saka.

Partane sine påstandsgrunnlag og påstandar

På vegne av **saksøkaren** **A** har advokat Javeed Hussain Shah i hovudsak gjort gjeldande:

Saka gjeld avslag på søknad om familieinnvandring, og utvising av **A** frå landet og innmelding i Schengen sitt informasjonssystem. Er dette ikkje eit tvangs- og omgåingsekteskap, er avgjerdene ugyldige.

Ekteskapet er ikkje eit tvangsekteskap

Definisjonen av tvang er kor sjølvstendig og fri **B** var i valet sitt; hadde ho reell moglegheit til å seie nei til ekteskapet og hadde ho evne og moglegheit til å hevde egne interesse.

Begge har med styrke forklart at ekteskapet kom i stand etter deira egne ønskje. Dei har forklart at dei møtte kvarandre tilfeldig kring årsskiftet 2007/2008 og at dei formidla til kvar sine familiar at dei hadde fatta interesse for kvarandre. Alt i januar 2008 kom dei til at dette var noko dei ville følge opp vidare, og dei blei forlova 28. august 2008. **B** og foreldra hennes var ikkje til stades då, men truleg var bestemor hennes til stades, og dei utveksla ringar.

Reisa til Pakistan i desember 2010 var ikkje berre motivert ut frå at **B** skulle vere med i broren sitt bryllaup, men også av at ho skulle inngå nikah med **A** og det hadde vore planlagt i lang tid på førehand. Mor hennes hadde reist på førehand for å gjere dei nødvendige førebuingane. **B** som ikkje hadde oppgåver under planlegginga, var oppteken med jobb og skole. Av videoen frå bryllaupsfeiringa går det fram at både ho og han verkar glade og lykkelige.

Ekteskapet var formelt sett arrangert, men det kom i stand etter partane sine eige ønskje. **B** var under 18 år då ho blei forlova, men dei forlova seg for å signalisere at dei var opptekne, og for at dei kunne bli betre kjende med kvarandre. Ho var heller ikkje ukjend med giftarmålet då det blei føreteke diverse innkjøp til henne.

Eit anna element er at to dagar etter at **B** og **A** inngjekk nikah, gifta broren seg der også dei etterfølgjande seremoniane rukshati og valima blei haldne. Bakgrunnen for at **B** og **A** gifta seg like før, var at ho ønska at dei skulle vere ektefellar under broren sitt bryllaup, og hadde dei ikkje gifta seg då, hadde dei ikkje hatt råd til å ha nikah-seremoni før ei god stund seinare.

B framstår som ein oppegåande og reflektert person, og foreldra hennes framstår som liberale, blant anna ved at dei godtek at den yngste sonen lever i sambuarskap. Konklusjonen er at ikkje noko tyder at **B** blei tvinga inn i ekteskapet.

Ekteskapet er ikkje eit omgåingsekteskap

I Rt. 2013 side 937 går det fram kva moment som talar for at eit ekteskap har omgåingsformål der det skal vurderast ut frå faktum då ekteskapet blei inngått. Blant momenta ved den vurderinga er kontakten mellom partane før giftarmålet, kunnskapen deira om kvarandre og om kunnskapen dei har om kvarandre samsvarar.

Det var **B** sine foreldre som tok initiativet til at ho og **A** skulle bli betre kjend. Ikkje noko tyder på at han har prøvd å utvandre frå Pakistan tidlegare. Dessutan sa han i retten at dersom retten skulle gi negativt svar, ser han ingen annan moglegheit enn at **B** flytter til Pakistan.

Det kan ikkje leggst vekt på at **A** ikkje hadde kjennskap til kva fag **B** studerte, og begge har forklart kvifor den kunnskapen var avgrensa. Det er samsvar mellom forklaringane deira, og **A** visste kven som var venene til **B**. Det viser at han hadde kunnskap om henne.

Eit anna moment er aldersskilnaden mellom partane der den er berre tre og eit halvt år. Det må tilleggast positiv og ikkje negativ vekt.

B har sagt at ho la vekt på at **A** hadde utdanning og at han var kjekk og snill. At det gjekk tre år frå forlovinga til dei møtte kvarandre igjen, har ho forklart at skuldast økonomi og at ho held på med å ta utdanning. Ho var dessutan ikkje kjærast med noko før ho forlova seg.

Begge har sagt at ekteskapet var frivillig, og dei har hatt omfattande kontakt frå dei forlova seg. Dei snakkar det same språket og har felles bakgrunn og kultur, og ekteskapet deira avvik ikkje frå vanlege ekteskapstradisjonar i kulturen deira.

Det er ikkje motstrid i høve til vitna eller ektefellane sine forklaringar, og ikkje noko tilseier at **B** blei alvorleg pressa til å inngå ekteskapet.

Oppsummert er det einaste elementet som talar for at det er tale om eit omgåingsekteskap, at **B** berre var 17 år då ho forlova seg, men ut over det er det ikkje noko i saka som tilseier at det er tale om eit tvangs- eller omgåingsekteskap.

På vegne av **A** har advokat Shah lagt ned slik påstand:

1. Utlendingsnemndas vedtak av 18.08.17 samt senere beslutning datert 19.10.17 kjennes ugyldig.
2. Utlendingsnemndas vedtak om utvising datert 15.01.18 samt senere beslutning datert 22.01.2018 kjennes ugyldig,
3. **A** tilkjennes sakens omkostninger.

På vegne av **den saksøkte** staten v/Utlendingsnemnda har advokatfullmektig Caroline Brein i hovudsak gjort gjeldande:

Utlendingsnemnda har føreteke ei heilskapsvurdering som bygger på alle mottatte opplysningar i saka, landkunnskap og andre relevante omstende. Nemnda har ikkje lagt avgjerande vekt på eitt enkelt moment, og har teke omsyn til at ikkje alle moment er like viktige og at det kan vere plausible forklaringar på enkeltmoment.

Ekteskapet er eit omgåingsekteskap

Det er stor migrasjonsvilje i Pakistan, men få pakistanarar søker asyl i Europa av di det er kjend at det er svært vanskeleg å få det. Familieinnvandring er derfor det klart beste alternativet for å få opphald i europeiske land og mange søker derfor om opphaldsløyve på det grunnlaget. **B** sa i retten at **A** ikkje søkte om familiesameining i påvente av at ho kunne oppfylle det økonomiske kravet. Det beviser at partane hadde god kjennskap til vilkåra for å få opphaldsløyve her i landet.

Det er også sterk migrasjonsvilje i **A** sin familie der bror hans bur i Italia og andre familie-medlemmer bur i Saudi-Arabia, Dei arabiske emirata og Storbritannia. Det underbygger at **A** hadde økonomisk motivasjon for å inngå ekteskap med **B** ikkje berre i høve til eigen økonomi, men også i høve til andre i familien som oppheld seg i Pakistan.

Det er mangel på indre logikk i **A** si forklaring om kva lønn han har hatt dei siste åra, noko som tilseier at han på søknadstidpunktet ikkje forklarte seg sannferdig om lønna si.

I intervjuet sa partane ikkje kva dato dei forlova si, og gav uklare og motstridande forklaringar om kor lenge etter at dei møtte kvarandre, dei forlova seg. I retten forklarte derimot begge at det hadde skjedd 28. august 2010. **B** var dessutan ikkje til stades då dei forlova seg mens bror hennes reiste til Pakistan for å forlove seg for at det ikkje skulle føregå gjennom telefon.

Av intervjuet går det fram at partane mangla kunnskap om kvarandre. Sidan **B** sine studiar var ein stor del av kvardagen hennes, er det underleg at **A** ikkje hadde kunnskap om dei, noko han har forklart at skuldast at han ikkje har kjennskap til det norske utdannings-systemet og at partane hadde andre interesser som dei snakka om. **B** visste ikkje at **A** hadde Bachelor of Arts trass i at ho sa at det var viktig for henne at han hadde utdanning.

Andre moment av betydning, er at ekteskapet blei inngått ved bruk av tvang og at partane har gitt motstridande opplysningar om korleis dei blei kjende og kven som tok initiativet til ekteskapet. Dei hadde dessutan vore lite saman før den formelle ekteskapsinngåing (nikah), og dei var ikkje saman mellom nikah i 2010 og rukshati i 2013.

Sett i samanheng bygger vedtaket av 18. august 2017 og dei etterfølgjande beslutningane på korrekt faktisk og rettsleg vurdering, og er ikkje ugyldige.

Ekteskapet var eit tvangsekteskap

Partane som er tremenningar, gav i intervjuet ulike forklaringar om når dei møttest første gong, og har seinare tilpassa forklaringane sine. Dei gav også motstridande forklaringar om kven som bestemte at dei skulle gifte seg.

Då **B** blei intervjuet sa ho at mor hennes hadde vist henne fotografi av fleire aktuelle ekteskapskandidatar, mellom dei eitt av **A** men i retten kunne ho ikkje nemne namnet på nokon av dei andre kandidatane. Det kunne heller ikkje mor hennes då ho forklarte seg i retten, men ho sa at ho hadde vist dottera fotografia før dei reiste til Pakistan i desember 2007.

B har sagt at dei reiste til Pakistan i desember 2007 for å vere med i bryllaupet til morbror hennes, men sidan både ho og bror hennes møtte dei framtidige ektefellane sine i det bryllaupet, var formålet med reisa truleg å finne ektefellar til dei.

I intervjuet visste ikkje partane kva dato dei forlova seg, og forklarte seg uklart om kor lang tid det gjekk frå dei hadde møtt kvarandre, til dei forlova seg. I retten forklarte derimot begge at det hadde skjedd 28. august 2010. **B** var dessutan ikkje til stades då dei forlova seg mens bror hennes reiste til Pakistan for å forlove seg for at det ikkje skulle føregå gjennom telefon.

B var 17 år då ho blei forlova og 19 år då ho blei gift. Ekteskapet blei inngått 3. desember 2010 ein dag etter at ho kom til Pakistan og tre dagar før bror hennes blei gift. I intervjuet med **A** 28. april 2014 sa han at dei hadde rukshati-seremoni i desember 2013, men i retten sa begge at dei hadde både rukshati og valima då.

B har vist liten interesse for **A** sidan ho etter at ho møtte han i desember 2007, ikkje møtte han igjen før i desember 2010 då ho sjølv og bror hennes gifta seg. Etter det gjekk det nye tre år før ho møtte han igjen i desember 2013 då det blei halde rukshati-seremoni for henne og **A**

Mor til **B** sa i retten at ho og mannen stilte og stiller barna sine fritt til sjølv å velje ektefelle. Staten meiner derimot at ikkje noko talar for at familien er godt integrert her i landet. **B** var ofte i Pakistan fram til ho fylte 12 år, og ein gong var ho der i eitt år i strekk, foreldra hennes har ein eigedom i Gujrat og mor til **B** måtte ha tolk i retten sjølv om ho kom til Noreg for 30 år sidan. Alle i familien er dessutan gift med muslimar.

Staten meiner etter ei samla vurdering av alle momenta i saka, at det er overvekt av sannsynlegheit for at **B** blei alvorleg pressa til å inngå ekteskapet med **A**

A kan utvisast frå landet

Partane er samde om vedtaket av 15. januar 2018 av Utlendingsnemnda om å utvise **A** frå landet med fem års innreiseforbod, er gyldig dersom det føreligg eit omgåingsekteskap.

Advokatfullmektig Brein har på vegne av staten v/Utlendingsnemnda lagt ned slik påstand:

1. Staten ved Utlendingsnemnda frifinnes.
2. Staten ved Utlendingsnemnda tilkjennes sakskostnader.

Retten si vurdering

Innleiing

Utlendingsnemnda kom i vedtak av 18. august 2017 til at ekteskapet mellom **A** og **B** overvegande sannsynleg blei inngått mot hennes vilje, og at det hovudsaklege formålet med ekteskapet overvegande sannsynleg var at han skulle få opphaldsløyve her i landet. Retten tek i det følgjande stilling til begge dei to grunnlaga for å nekte **A** opphaldsløyve her i landet. Den tek etter det stilling til om vedtaket av 15. januar 2018 om utvising av han med forbod mot å reise inn i landet dei komande fem åra, er ugyldig. Til slutt tek den stilling til sakskostnadene.

Bevisvurderinga er den same i høve til begge grunnlag for å nekte **A** opphaldsløyve her i landet der retten viser til at det i Rt. 2009 side 1632 står i avsnitt 57: «Lagmannsrettens bevisvurdering bygger på det veletablerte prinsipp at det skal legges betydelig vekt på de begivenhetsnære bevis, jf. Rt-1995-821.» I Rt. 1998 side 1565 er det sagt at: ”Opplysninger fra parter eller vitner med binding til partene som er gitt etter at tvisten er oppstått, og som står i motstrid til eller endrer det bildet som mer begivenhetsnære og uavhengige bevis gir, vil det oftest være grunn til å legge mindre vekt på, ...”. Dessutan står det i avsnitt 57 i Rt. 2009 side 1632: «Også de etterfølgende forklaringer kan naturligvis være egnet til å klargjøre hva oppdragene nærmere har bestått i og hva som var formålet med disse, men den interesse partene vil ha i sakens utfall må hensyntas ved vurderingen av hvilken vekt forklaringene skal tillegges.»

Om ekteskapet blei inngått mot ein av partane sin vilje

Rettslege utgangspunkt

Utgangspunktet i utlendingslova § 40 første ledd er at ein utlending som er gift med ein norsk statsborgar eller med ein utlending med permant opphaldsløyve her i landet, har rett til mellombels opphaldsløyve her landet, men den føresegna har nokre unntak.

I utlendingslova § 51 «Unntak fra retten til familieinnvandring» står det i andre ledd:

Oppholdstillatelse etter bestemmelsene i kapittelet her kan nektes dersom referansepersonen etter forespørsel ikke samtykker i at søkeren gis tillatelse, eller dersom det er sannsynlig at ekteskapet er inngått mot en av partenes vilje.

Retten skyt inn at det med «referansepersonen» er meint ektefellen til den som søker om opphaldsløyve her i landet på grunnlag av ekteskap, men retten brukar i det følgjande etternamna på dei to ektefellane i saka her.

Det er det andre alternativet i føresegna som er aktuelt her. I Ot.prp. nr. 75 (2006-2007) står det på side 427 at formålet med det alternativet er:

... dels begrunnet i ønske om å tydeliggjøre at slike ekteskap ikke danner grunnlag for opphold i Norge, og dels i behovet for å tydeliggjøre at man ikke skal være bundet av de samme vurderingsnormer som når det skal avgjøres om et ekteskap er ugyldig etter ekteskapsloven eller når det skal avgjøres om det foreligger et straffbart forhold i henhold til straffelovens bestemmelse om tvangsekteskap.

Det siste fremkommer ved at man har foreslått som vurderingskriterium om ekteskapet er inngått mot en av partenes vilje, og ikke hvorvidt det er utøvet «rettsstridig atferd» som er kriterium som anvendes i straffeloven § 222 og ekteskapsloven § 16 tredje ledd.

Retten kan prøve fullt ut om vilkåret «*inngått mot en av partenes vilje*» er til stades, men ut frå formuleringa «*kan nektes*» er det opp til forvaltninga sitt såkalla frie skjønn om utlendingen skal nektast opphaldsløyve når det er funne bevist at det er tale om tvangsekteskap. Det inneber at retten ikkje kan prøve om utlendingen burde ha vore innvilga opphaldsløyve med mindre det er lagt til grunn feil faktum eller feil rettsbruk, det er gjort sakshandsamingsfeil eller det føreligg myndigheitsmisbruk, men ikkje noko av det er gjort gjeldande.

Beviskravet er at det må vere overvegande sannsynleg at ekteskapet «*er inngått mot en av partenes vilje*» for at ein utlending skal kunne nektast opphaldsløyve der tvil skal gå ut over staten dersom det ikkje er overvekt i nokon retning.

Retten legg til grunn at den skal prøve faktum i saka ut frå situasjonen ved inngåinga av ekteskapet slik det skal gjerast ved vurdering av om det er tale om eit omgåingsekteskap, men at den kan legge vekt på etterfølgjande omstende som er eigna til å kaste lys over situasjonen då ekteskapet blei inngått så sant opplysningane også har vore lagt fram for Utlendingsnemnda, jf.

Rt. 2013 side 937 avsnitt 31 og 32, og 34 og 35. Kjem det fram opplysningar mens saka står for retten som nemnda ikkje har vore kjend med, er det nemnda og ikkje retten som må ta stilling til om dei er av betydning for saka.

Under hovudforhandlinga kunne det verke som at **B** svært gjerne vil at **A** skal få kome hit til landet. Derfor minner retten om at forhold etter inngåinga av ekteskapet ikkje er av betydning og at den ikkje kan overprøve utlendingsforvaltninga sitt frie skjønn der det i Utlendingsdirektoratet sitt rundskriv UDIRS-2013-10 av 16. juli 2013 står under punkt 4.2 «Terskelen for å nekte tillatelse på grunn av tvang», at når ekteskapet har vore inngått mot ein av ektefellane sin vilje, vil det berre i heilt særlege tilfeller vere aktuelt ikkje å nekte opphaldsløyve, og at «*det ikke skal være et utgangspunkt at ekteskapet skal anerkjennes fordi partene senere har fått barn sammen*».

Den konkrete vurderinga

I intervjuet med **A** 28. april 2014 sa han: “*After the engagement we started talking to each other, and develop interest in each other – and understanding for each other. She came to Pakistan in 2010, and we had the Nikah ceremony – the venue was Qandfishan marriage hall in Gujrat. Gradually time was passing, and then in 2013 we got married. After a few days of marriage she went back to Norway, and she came to Pakistan 12th of April 2014, and she went back to Norway on 19th of April.*”

Det kan verke som at **A** då han blei intervjuet, meinte at han og **B** gifta seg i 2013, men i temanotatet «Pakistan: Ekteskap og skilsmisse – juridiske og kulturelle forhold», står det at: «*Begrepet Nikah er arabisk og betyr ekteskapskontrakt mellom mann og kvinne i den hensikt å legalisere en seksuell relasjon. Nikah er gjennomføringen av et muslimsk ekteskap. Ekteskapsinngåelsen er signering av ekteskapskontrakten NikahNama.*» Vidare står det: «*Rukshati er markering av at bruden forlater sin fars hus og trer inn i ektefellens familie. ... Rukshati innebærer at bruden offisielt forlater sin biologiske familie sammen med brudgommen og hans familie.*» Det går då også fram av partane sin pakistanske vigselattest av 16. januar 2013, at dei gifta seg 3. desember 2010. Dessutan søkte **A** 16. februar 2013 norske myndigheiter om opphaldsløyve i Noreg for familiesameining med **B** før dei hadde hatt seremonien rukshati 27. desember 2013. Dermed legg retten til grunn at partane inngjekk ekteskapskontrakt – nikahnama – 3. desember 2010, og at spørsmålet er om det var imot **B** sin vilje på det tidspunktet.

I Utlendingsdirektoratet sitt rundskriv UDIRS-2013-10 av 16. juli 2013 står det under punkt 2 «Bakgrunnen for tvangsekteskap i utlendingssaker»:

Tvangsekteskap kjennetegnes ved at minst én av ektefellene ikke har en reell mulighet til å velge å forbli ugift eller velge en annen partner på tvers av familiens ønsker uten å bli utsatt for represalier, eller har samtykket til ekteskap etter utilbørlig press, trusler eller annen psykisk eller fysisk vold.

Personer utsatt for tvangsekteskap befinner seg i en meget vanskelig situasjon da presset fra familien om å bli gift er stor. Psykisk press er gjeldende i samtlige tvangsekteskapsaker. Ofte vil ung alder, sosial og økonomisk uavhengighet av foreldrene, og tilhørighet til en

familie som praktiserer tydelig kjønns- og generasjonshierarki være tungtveiende momenter som gjør det vanskelig for den unge å motstå ekteskapspress. Presset vil for mange oppleves som så utilbørlig at det å kunne si nei til et ekteskap ikke oppleves som et reelt valg. Å motstå ekteskapsinngåelse kan medføre sosial utestengelse fra familien, trusler om vold, fysisk vold eller annet overgrep.

I det same rundskrivet er det under punkt 4.1 «Relevante vurderingstemaer – er ekteskapet inngått mot en av partenes vilje?» lista opp ein del moment som kan vere relevante ved den samla vurderinga som må gjerast med omsyn til om det er overvegande sannsynleg at eit ekteskap er «inngått mot en av partenes vilje», men retten gjengir ikkje dei.

Landrådgivar Neerbye forklarte i retten at det i Pakistan og då særleg i dei meir konservative delane av landet som Punjab, framleis er storfamilien sitt ve og vel som er det sentrale, og at enkeltindividida framfor alt representerer familien og ikkje seg sjølv. Derfor er det sentralt med kontroll av enkeltindividida si åtferd, og då særleg kvinner. Ekteskap er av stor betydning av di det er gjennom dei at familiar inngår alliansar med andre familiar eller styrkar allereie eksisterande alliansar, og ekteskap har i tillegg til status, både økonomiske, religiøse og moralske sider.

Dei fleste innvandrara, også dei frå Pakistan, vil etter kvart som åra går få svakare tilknytning til heimlandet og tradisjonane der vil dermed få mindre betydning for dei, men innvandrara som ofte er i heimlandet og ikkje minst dei som har eigedommar der, vil i stor grad oppretthalde tilknytninga si til heimlandet og slekta der. I temanotatet «Pakistan: Ekteskap og skilsmisse – juridiske og kulturelle forhold» av 13. august 2015, står det på side 16 at særleg i slike tilfelle vil familien i Pakistan «*ha stor innflytelse på valg av ektefelle, selv om dette dreier seg om en familie som har vært bosatt i Norge i flere tiår. Pakistanere ønsker å videreføre sin pakistanske kultur gjennom barna og henteekteskap er i så måte et egnet virkemiddel.*» I NOU 2004:20 «Ny utlendingslov» står det på side 244 og 245 at Anja Bredal i rapporten «Arrangerte ekteskap og tvangsekteskap blant ungdom med innvandrerbakgrunn», har skrive at: «*Ekteskap med en utflytter blir ekstra attraktivt fordi det er en måte å skaffe sine barn et økonomisk bedre liv, og dermed også håp om en inntekt for familien i hjemlandet. Det siste gjelder særlig gutter, fordi jenter i mindre grad forventes å være yrkesaktive. ... Uansett er det vanskelig for de utvandrede familiemedlemmene å stå imot sterke appeller til familieloyalitet og æresfølelse.*»

Mor og far til **B** kom til Noreg i 1988, men **B** har forklart at ho var i Pakistan ofte fram til ho var 12 år, dvs. fram til i 2002/2003, og at ho ein gong var der i eitt år i trekk. I passet til mor hennes frå 2008 går det fram at ho var i Pakistan minst ein gong kvart år frå 2008 til og med 2013, og det er opplyst at ho og mannen har eit hust i Gujrat. Retten legg til grunn at mor til **B** kan noko norsk sidan ho har hatt deltidsjobb, men ho kan ikkje ha lært seg flytande norsk i løpet av dei 30 åra ho har budd her sidan ho hadde tolk då ho forklarte seg i retten. Ut frå det finn retten at foreldra til **B** er sterkt knytt til familien i Pakistan og pakistansk kultur, og at den tilknytninga i alle fall ikkje kan ha vore mindre for åtte, ti år sidan.

I intervjuet med **B** 5. desember 2013 sa ho at ho var blitt vist fotografi av fleire ekteskapskandidatar, men ho blei ikkje spurdt når det skjedde. Derimot sa mor hennes i retten at før dei reiste til Pakistan i desember 2007, hadde ho vist dottera fotografi av fleire unge menn og spurdt om nokon av dei kunne vere aktuelle som ektemann. Då ho fekk spørsmål om det ikkje var vel tidleg å snakke om ekteskap på det tidspunktet sidan **B** då berre var 16 år, svara ho at ho sjølv var 16 år då ho gifta seg.

Retten finn at **B**, foreldra og søskena hennes, reiste til Pakistan i desember 2007 for å vere med i bryllaupet til onkelen til **B** **E**, men sidan det var meir enn 100 gjester til stades, var arrangementet samstundes velegna for ugifte personar i gifteferdig alder til å sjå seg om etter aktuelle ekteskapskandidatar, og for dei som var foreldre til å snakke med foreldra til aktuelle kandidatar.

Då **B** blei intervjuet 5. desember 2013 sa ho: *“Vi bare så hverandre og så likte vi, og så spurte vi foreldrene våre. Så da spurte foreldrene mine hans foreldre om det var greit.”* I intervjuet med **A** sa han: *“First time I met her it was at her maternal uncles wedding. Then our parents keep contact with each other, and they started to talk about wedding. Then they asked us – if we are interested in each other, and then we both said yes.”* Ut frå det nemnde finn retten at det var foreldra til **B** som kontakta foreldra til **A** med spørsmål om dei var samde i at dei to unge hadde kontakt, og at det var foreldra som tok initiativet til at dei skulle gifte seg. Retten skyt inn at mødrene deira er kusiner.

Då **B** blei intervjuet, sa ho at: *«Vi ble kjent litt først og så forlovet etter det.»* Ho sa også at dei blei forlova i 2007/2008 og at *«... det var ikke så stor fest, det var en liten fest med familien og nære familiemedlemmer, så det var ikke så veldig stort»*. Ho nemnde derimot ikkje at korkje ho, foreldra hennes eller nokon av søskena hennes var til stades då ho og **A** blei forlova i Pakistan.

Retten finn det påfallande at **B** ikkje var til stades då ho blei forlova, noko som står i kontrast til at den eldste bror hennes reiste til Pakistan kring årsskiftet 2008/2009 for å forlove seg med **D**, og dei hadde *«en liten feiring med kanskje 50-60 gjester»* heime hos hans familie i Gujrat. Dessutan var i alle fall hans og **B** si mor også til stades då.

Dessutan er det underleg at korkje **B** eller **A** då dei blei intervjuet, visste kva dato dei blei forlova, men under hovudforhandlinga blei det opplyst at det skjedde 28. august 2008. **B** var då 17 år og ikkje ferdig med vidaregåande skole.

Både **B** og **A** har forklart at dei hadde dagleg kontakt med kvarandre via telefon og internett etter at dei var blitt forlova, men den einaste dokumentasjonen på det, er nokre e-postar frå mai 2010. Innhaldet i dei underbygger ikkje at kontakten dei hadde, var eigna til å *«develop interest in each other – and understanding for each other»* som **A** sa i intervjuet.

Etter bryllaupet til morbroren i desember 2007 der **B** møtte **A** men ikkje prata med han, var ho ikkje i Pakistan igjen før i desember 2010, og ho møtte han heller ikkje i andre land. At ho ikkje møtte han igjen på tre år trass i at det var avtala at dei skulle gifte seg, finn retten underleg. Det er gjort gjeldande at det skuldast at ho gjekk på skole og at det er kostar mykje å reise til Pakistan, men ho hadde som andre, skoleferiar, og mor hennes var i Pakistan minst ein gong kvart år frå i 2008 til og med 2013.

2. desember 2010 reiste **B** til Pakistan. Dagen etter, 3. desember 2010, skreiv ho og **A** under på nikahnama og det blei halde nikah-seremoni for dei med rundt 200 personar til stades. To dagar seinare, 5. september 2010, gifta bror hennes seg, og det blei halde rukshati for han og ektefellen same dagen, og valima truleg dagen etter.

Sidan bror til **B** gifta seg 5. desember 2010, kan ho ha reist til Pakistan i den tru at ho skulle vere med på feiringa av broren sitt giftarmål. At ho sjølv blei gift berre ein dag etter at ho kom dit, og ikkje hadde vore med på førebuinga av eige giftarmål, talar for at ho ikkje visste at ho skulle gifte seg då ho reiste frå Noreg. Sidan ekteskapsinngåinga skjedde i tilknytning til broren sitt bryllaup, la det dessutan eit sterkt press på henne med omsyn til ikkje å øydelegge feiringa av bryllaupet hans, noko som kunne ha skjedd dersom ho hadde nekta å inngå ekteskap med **A** med det oppstyret det ville ha ført til. At både **B** og **A** smiler og ser glade ut på den videoen frå nikah-seremonien deira som blei vist for retten, underbygger ikkje at ho inngjekk ekteskapet av fri vilje av di ho kan ha spelt lykkeleg for ikkje å øydelegge for familien.

Vidare gjekk det gjekk tre år frå **B** og **A** gifta seg til dei møtte kvarandre igjen, noko som skjedde då det blei halde rukshati-seremoni for dei 27. desember 2013 i Pakistan. I ein dom av 30. juni 2017 av Borgarting lagmannsrett i sak LB-2016-89668 står det at landrådgivar Neerbye hadde forklart for lagmannsretten at «... *nikah, rukhsati og valima normalt avholdes i nær sammenheng, men at lokale varianter kan forekomme og at praktiske hindringer kan føre til et visst opphold mellom dem. Et opphold på tre til fire år mellom nikah og rukhsati mente han imidlertid var ekstraordinært, ...*»

Skulle det vere slik som mor til **B** sa i retten, at ho og mannen ikkje hadde råd til å halde seremonien rukshati for **B** og **A** i tilknytning til inngåinga av ekteskapet, hadde det vore naturleg også å vente med giftarmålet til seinare. At rukshati blei halde først tre år etter ekteskapsinngåinga, talar derfor også for at **B** blei tvinga til å inngå ekteskapet.

Oppsummert er så mange av dei momenta som i følge Utlendingsdirektoratet sitt rundskriv UDIRS-2013-10 av 16. juli 2013 er relevante ved vurderinga av om eit ekteskap er «*inngått mot en av partenes vilje*», til stades, at retten finn det overvegande sannsynleg at då **B** inngjekk ekteskap med **A** 3. desember 2010, var det mot hennes vilje. Dermed er det tale om eit tvangsekteskap som ikkje gir **A** rett til opphald her i landet.

Om **A** inngjekk ekteskapet med det hovudsakelege formålet å få opphald her i landet

Rettslege utgangspunkt

I utlendingslova § 40 fjerde ledd står det:

Oppholdstillatelse kan nektes dersom det fremstår som mest sannsynlig at det hovedsakelige formålet med inngåelsen av ekteskapet har vært å etablere et grunnlag for opphold i riket for søkeren.

Tidspunktet for retten si vurdering av om det er tale om eit omgåingsekteskap, er som alt nemnd vigselsdatoen, men etterfølgjande omstende som kan kaste lys over situasjonen då, kan vektleggast. Derimot kan retten ikkje legge vekt på opplysningar som Utlendingsnemnda ikkje hadde då den 22. januar 2018 fatta si siste beslutning i saka.

Beviskravet er alminneleg sannsynlegheitsovervekt, noko som går direkte fram av ordlyden. Ved absolutt tvil skal det gå ut over staten.

I Rt. 2006 side 1657 står det i avsnitt 37, jf. Rt. 2013 side 937 avsnitt 35, at bevistemaet er om søkaren ville ha inngått ekteskapet dersom utsiktene til opphalds- og arbeidsløyve ikkje hadde vore til stades. Borgarting lagmannsrett har i ein dom av 13. april 2015 i sak LB-2014-77893 89668 sagt at:

Bevistemaet, «søkers formål», er av psykologisk karakter, og det er enkelt for ektefellene å tilpasse bevis og forklaringer underveis for å underbygge at ekteskapet er reelt. For å unngå misbruk av reglene må det derfor legges vekt på objektive holdepunkter som er egnet til å belyse søkers formål. Dette utgangspunktet er lagt til grunn i rettspraksis, jf. Rt-2013-937 avsnitt 37.

I NOU 2004:20 side 228 er det lista opp følgjande objektive moment utvalet meiner at kan vere relevante ved vurderinga av utlendingen sitt hovudsakelege formål med ekteskapet:

- Kva kontakt det var mellom partane før ekteskapsinngåinga, både med omsyn til varigheit, karakter og omfang.
- Kva kunnskap partane har om kvarandre.
- Kor vidt partane kan gi samsvarande opplysningar om korleis dei blei kjend med kvarandre og kva kontakt som har vore mellom dei m.v.
- Om partane kan kommunisere på eit felles språk.
- Aldersskilnaden mellom partane.
- Om det er betalt pengar for ekteskapsinngåinga utan at det kan forklarast i medgiftradisjonar.
- Kor vidt referansepersonen har ein tidlegare ekteskapshistorikk som kan gi mistanke om proforma eller tilsvarande.
- Om ein av partane har ein tidlegare partner som skal bu i same husstand som partane.

I Ot.prp. nr.75 (2006–2007) står det under punkt 9.6.2.5:

Departementet ser at den bestemmelsen utvalget har foreslått åpner for en betydelig grad av skjønn, og departementet merker seg uttalelsene fra noen av høringsinstansene om at bestemmelsen kan ramme flere enn tilsiktet. Departementet slutter seg imidlertid til utvalgets vurdering av at det ikke vil innebære noen større fare for tilfeldige avveininger, fordi

vurderingene vil bli foretatt på bakgrunn av objektive momenter, jf. opplistingen i kapittel 9.6.2.3. I tillegg til momentene opplistet i kapittel 9.6.2.3, vil også følgende momenter være relevante ved vurderingen:

- om ekteskapet er klart atypisk i forhold til ekteskapstradisjoner i hjemlandet til utlendingene
- om det foreligger omstendigheter som taler for at ekteskapet er inngått ved bruk av tvang eller utnyttning, eksempelvis at partene er klart ujevne i mental utvikling
- om den som søker oppholdstillatelse på grunnlag av ekteskapet, tidligere har prøvd å få opphold på annet grunnlag, for eksempel på grunnlag av søknad om asyl, og om ekteskapet er inngått i nær tilknytning til et avslag på annen søknad

Opplistingen ovenfor og i kapittel 9.6.2.3 er ikke rangert og er heller ikke ment å være uttømmende. Vurderingene må også tilpasses hvert enkelt tilfelle, og partenes kultur og ekteskapstradisjoner, slik utvalget og KIM understreker. Således må det for eksempel tas hensyn til at det for medlemmene av visse nasjonalitetsgrupper kan være kulturelle årsaker til at partene har hatt liten forutgående kontakt eller at de har mindre kunnskaper om hverandre enn det man ellers forventer. ...

Retten til grunn at sjølv om generelle forholdet kan vere av betydning ved vurderinga av om det er tale om eit omgåingsekteskap, må kvart enkelt tilfelle vurderast konkret.

Den konkrete vurderinga

Utlendingsnemnda har i si vurdering i vedtaket av 18. august 2017 av om det overvegande sannsynleg er tale om eit omgåingsekteskap, vist til grunngivinga i vedtaket av 18. august 2015 av Utlendingsdirektoratet. Slik retten forstår det er det framfor alt tre moment som er grunnen til at direktoratet, og også nemnda, kom til at det er tale om eit omgåingsekteskap.

For det første er det påpeikt at **A** kjem frå eit land og ein region med stort potensiale for utvandring, og at direktoratet si erfaring er at eit ikkje ubetydeleg tal søkarar frå Pakistan inngår ekteskap med personar busett i Noreg for å skaffe seg opphalds- og arbeidsløyve her i landet. Under hovudforhandlinga blei det i tillegg påpeikt at **A** sin bror emigrerte til Italia etter at han hadde gifta seg med ein slektning som budde der. Dessutan har også andre slektningar av han emigrert. Retten er samd i at det nemnde er av betydning ved vurderinga, men det er ikkje nødvendigvis av stor betydning.

A fortalde i intervjuet med han 28. april 2014 at frå han var ferdig med utdanninga si i 2007, hadde hatt arbeid som «*ticketing officer in a travel agency*», og i retten sa han at han då hadde hatt ei lønn på 300 til 400 rupi i månaden. Det talar ikkje for at det var svært viktig for han å kome til Noreg.

I vedlegget **A** la ved søknaden om opphaldsløyve i Noreg som han fremma 26. februar 2013, svara han nei på spørsmålet om han kunne ha nekta å gifte seg med **B**. Det svaret kan truleg tolkast på fleire måtar, men dersom det er korrekt at han ikkje kunne ha nekta å gifte seg med **B**, har retten vanskar med å sjå at hans hovudsaklege formål med ekteskapet var å få opphaldsløyve her i landet.

Det andre momentet direktoratet har framheva, er at **A**, trass i at han har ein Bachelor of Arts og han og **B** har forklart at dei hadde dagleg kontakt, ikkje kunne gjere greie for kva **B** hadde studert. Begge partane sa i retten at dei snakka om andre tema som opptok dei meir, men retten er samd i at dersom det er korrekt at dei frå dei forlova seg i august 2010 til **A** blei intervjuet 28. april 2014, hadde kontakt kvar dag, er det underleg at han ikkje visste meir om **B** sine studiar enn at ho slutta på eit studie i 2011 eller 2012, og at ho i 2014 tok nokre kurs. Likevel hadde **A** ein del kunnskap om henne då han blei intervjuet av di han mellom anna sa at **B** var født anten på Gjøvik eller i Oslo, og han visste namnet på fleire av veninnene hennes.

Det tredje forholdet direktoratet har vektlagt, er at då **B** blei intervjuet, sa ho at dei forlova seg «mellom 2007 og 2008» mens **A** sa at det skjedde nær eitt år etter at dei møttest eller kanskje mindre enn det. Dersom det er korrekt at partane forlova seg 28. august 2008, kan ikkje retten sjå at det er noko å utsette på **A** si forklaring i intervjuet. At **B** ikkje kunne gjere greie for når dei forlova seg, kan skuldast at ho ikkje var til stades då det skjedde, og dessutan kan det vere at ho ikkje visste om det eller ikkje var særleg oppteken av det. Dermed kan ikkje retten sjå at partane sine forklaringar om når dei blei forlova, er eit omstende av betydning med omsyn til kva kunnskap dei hadde om kvarandre eller om dei har gitt samsvarande forklaringar, men det er som alt nemnd eit moment ved vurderinga av om **B** inngjekk ekteskapet mot sin vilje.

Eit anna moment ved vurderinga av kva som framstår som **A** sitt hovudformål med ekteskapet, er at begge partane har forklart at det var **B** sine foreldre som foreslo for **A** sine foreldre at dei to skulle inngå ekteskap, og i intervjuet fortalde **A** at etter at foreldra hans hadde spurd han om han ville gifte seg med **B** tenkte seg om i ein eller to dagar før han samtykka til det. Det kan vel vere at foreldra hans meinte at sonen ved å utvandre til Noreg, i større grad ville sikre sin eigen økonomi og vere med på å sikre familien sin økonomi, enn dersom han blei buande i Pakistan, men spørsmålet er kva som var hans motiv då han inngjekk ekteskapet med **B**. For retten framstår det som like truleg at han gifta seg med henne av di han ikkje ville motsette seg foreldra sitt ønskje, i kombinasjon med at ho har ein bakgrunn som ikkje er ulik hans eigen både når det gjeld kultur og status, som at han gjorde det av di det hovudsakelege formålet hans med ekteskapet var å etablere eit grunnlag for opphald i Noreg.

Retten sin konklusjon er at så få av dei momenta som er aktuelle ved vurderinga av om det er tale om eit omgåingsekteskap, er til stades i saka her at den ikkje finn det overvegande sannsynleg at ekteskapet mellom **A** og **B** er eit omgåingsekteskap.

Om **A** kan utvisast frå landet

Innleiing

A har også lagt ned påstand om at vedtaket om å utvise han frå landet med fem års innreiseforbod, er ugyldig. Under prosedyren sa prosessfullmektigen hans at dersom retten finn

at han kan nektast opphaldsløyve her i landet av di det anten er tale om tvangsekteskap eller det hovudsaklege formålet hans med ekteskapet var å etablere grunnlag for opphaldsløyve, vil også vedtaket om å utvise han frå landet, stå seg.

Sidan spørsmålet om å utvise **A** frå landet er av rettsleg og ikkje faktisk art, og han har lagt ned påstand om at vedtaket om å utvise han frå landet er ugyldig, må retten likevel ta stilling til om det er det, jf. tvistelova § 11-3, sjølv om den har kome til at vedtaket og beslutningane om å nekte han opphaldsløyve her i landet, ikkje er ugyldige.

Rettslege utgangspunkt

I utlendingslova § 66 står det i første ledd bokstav a:

- En utlending uten oppholdstillatelse kan utvises
a) når utlendingen ... forsettlig eller grovt uaktsomt har gitt vesentlige uriktige eller åpenbart villedende opplysninger i en sak etter loven ...

Føresegna inneheld som det går fram, to alternative objektive vilkår ved at utlendingar utan opphaldsløyve, anten må ha gitt uriktige eller villeiande opplysningar, og opplysningssvikten må vere kvalifisert ved at uriktige opplysningar må vere vesentlege og villeiande opplysningar må vere openberre. Tilbakehald av vesentlege opplysningar er likestilt med det å gi uriktige opplysningar og fell dermed også inn under dei objektive vilkåra.

Det subjektive vilkåret er at utlendingen må ha handla forsettleg, dvs. med viten og vilje, eller grovt aktlaust, då han gav, eller ikkje gav, opplysningane. Dermed skal det meir til enn vanleg aktløyse for at det subjektive vilkåret skal vere oppfylt.

Skal ein utlending kunne utvisast i medhald av føresegna, må det vere overvegande sannsynleg at eitt av dei objektive vilkåra, og det subjektive vilkåret, er til stades, og det må i følge utlendingslova § 70 ikkje vere uforholdsmessig å utvise vedkomande. Er alle vilkåra for å utvise utlendingen oppfylte, er det opp til forvaltninga sitt frie skjønn om vedkomande skal utvisast ut frå formuleringa «*kan utvises*».

Domstolane kan prøve fullt ut om det objektivt og subjektivt sett er grunnlag for å utvise ein utlending utan opphaldsløyve, og om det vil vere uforholdsmessig, men domstolane si prøving av utlendingsmyndigheitene sitt skjønn, er som nemnd avgrensa.

Den konkrete vurderinga

Utlendingsnemnda kom i sitt vedtak av 15. januar 2018 til at det var grovt aktlaust av **A** at han ikkje hadde opplyst at det hovudsaklege formålet med ekteskapet hans med **B** var å etablere grunnlag for opphaldsløyve her i landet. Dessutan kom nemnda til at dersom han ikkje var kjend med reglane for å få opphaldsløyve på grunnlag av ekteskap, var det ikkje unnskyldelig av di det på Utlendingsdirektoratet sine nettsider om opphaldsløyve for ektefellar, er informert på engelsk

og norsk om at det er eit vilkår at ekteskapet ikkje er inngått med det hovudformålet at utlendingen skal få opphaldsløyve i Noreg.

Retten har i dommen her kome til at det ikkje er overvegande sannsynleg at **A** inngjekk ekteskapet med **B** med det hovudsaklege formålet å etablere grunnlag for opphaldsløyve her i landet. Han kan dermed ikkje ha halde tilbake opplysningar om at det var det hovudsaklege formålet hans med ekteskapet. Følgjeleg kan han ikkje utvisast og ileggast innreiseforbod, med grunnlag i at han har halde tilbake opplysningar om kva som var formålet hans med ekteskapet.

Det går fram av Utlendingsnemnda sitt vedtak av 15. januar 2018 at nemnda var kjend med at Utlendingsnemnda i sitt vedtak av 18. august 2017 hadde kome til at det også var overvegande sannsynleg at **B** hadde inngått ekteskapet med **A** mot sin vilje, men nemnda har ikkje teke stilling til om det kan gi grunnlag for å utvise han frå landet.

Retten kan ikkje sjå at bevisa i saka kan underbygge at **A** var kjend med, eller burde ha vore kjend med, at det var mot **B** sin vilje å inngå ekteskapet med han. Dermed kan han ikkje ha halde tilbake opplysningar om det, og dermed gir heller ikkje det forholdet grunnlag for å utvise han frå landet.

Konklusjonen er at retten finn at Utlendingsnemnda sitt vedtak av 15. januar 2018 er ugyldig.

Sakskostnadene

Oppsummert har retten kome til at staten ved Utlendingsnemnda må frifinnast i høve til punkt 1 i **A** sin påstand. Det av di den har kome til at nemnda sitt vedtak av 18. august 2017 og dei to etterfølgjande beslutningane, ikkje er ugyldige av di ekteskapet blei inngått mot **B** sin vilje, men den har ikkje funne det overvegande sannsynleg at **A** inngjekk ekteskapet med det hovudsaklege formålet å skaffe seg grunnlag for opphald her i landet. Vidare har retten kome til at **A** må få medhald i høve til punkt 2 i påstanden sin om at Utlendingsnemnda sitt vedtak av 15. januar 2018 er ugyldig. Det av di han ikkje har gitt uriktige eller har halde tilbake vesentlege opplysningar om kva som var det hovudsakelege formålet hans med ekteskapet, og han ikkje visste eller burde ha visst at **B** mest sannsynleg inngjekk ekteskapet med han mot sin vilje.

Det nemnde medfører at ingen av partane har vunne saka i det vesentleg, jf. tvistelova § 20-2 andre ledd. Utgangspunktet er då at dei skal dekke eigne sakskostnader med mindre tvistelova § 20-3 eller § 20-4 kjem til bruk.

Tvistelova § 20-4 gir heimel for å tilkjenne ein part sakskostnader uavhengig av utfallet av saka, men den føresegna kjem ikkje til bruk i saka her av di ingen av dei tre alternative vilkåra som går fram av bokstavane a, b og c, er til stades.

Tvistelova § 20-3 har følgjande ordlyd:

En part som har fått medhold av betydning uten å vinne saken, jf. § 20-2, kan helt eller delvis tilkjennes sakskostnader av motparten hvis tungtveiende hensyn tilsier det. I tillegg til momentene i § 20-2 tredje ledd annet punktum skal det legges særlig vekt på hvor mye parten har fått medhold, og andelen av sakskostnadene som knyter seg til den delen av saken.

Inngangsvilkåret for at ein part som ikkje har vunne saka fullt ut eller i det vesentlege, skal kunne tilkjennast sakskostnader av motparten, er at vedkomande har fått medhald av betydning utan å vinne saka. Er det tilfelle, må tungtvegande omsyn tilseie at vedkomande blir tilkjend sakskostnader der det i den andre setninga er nemnd kva moment det særleg skal leggest vekt på ved den vurderinga. Føreligg det tungtvegande omsyn, er det ut frå ordlyden «*kan helt eller delvis tilkjennes*» opp til retten sitt skjønn å vurdere om og eventuelt kor mykje vedkomande skal tilkjennast i sakskostnader av motparten.

Begge partane har fått medhald av betydning, men spørsmålet er om **A** skal tilkjennast dekning av sakskostnadene sine der retten finn at han ikkje har fått medhald i så stor grad at det kan tale for at han skal ha erstatta sakskostnadene sine delvis eller fullt ut av staten. Derimot finn den at tvistelova § 20-2 tredje ledd bokstav c kjem til bruk der det står at ein part kan tilkjennast sakskostnader dersom «*saken er av velferdsmessig betydning og styrkeforholdet partene imellom tilseier slikt fritak*». At staten er den sterke parten i saka her er ikkje tvilsamt, og retten finn at det var av velferdsmessig betydning for **A** å få prøvd saka, og at det vil vere av stor betydning for han at han har fått medhald i at Utlendingsnemnda sitt vedtak om å utvise han, er ugyldig. Derfor finn retten at han skal ha dekkja rundt halvparten av sakskostnadene sine.

A sin prosessfullmektig har lagt fram sakskostnadsoppgåve på i alt kr 139.040, av det kr 104.000 i salær, kr 26.000 i meirverdiavgift og rettsgebyr på kr 9.040. Motparten har ikkje protestert på kravet. Retten skyt inn at korrekt rettsgebyr er kr 8.392 utan at det er av betydning, og den finn at sakskostnadene som er kravd erstatta, har vore nødvendige og at det ut frå omfanget og arten av saka er rimeleg med slike kostnader. Retten finn derfor at staten ved Utlendingsnemnda skal betale **A** kr 70.000 i erstatning til delvis dekning av sakskostnadene han har hatt.

D o m s s l u t n i n g :

1. Utlendingsnemnda sitt vedtak av 18. august 2017 og dei to etterfølgjande beslutningane, er ikkje ugyldige.
2. Utlendingsnemnda sitt vedtak av 15. januar 2018 er ugyldig.
3. Staten v/Utlendingsnemnda skal betale **A** 70.000 – syttitusen – kroner i sakskostnader innan 2 – to – veker frå forkynninga av dommen her.

Oddmund Svarteberg

Rettleiing om anke følgjer vedlagd.

Rettleiing om anke i sivile saker

I sivile saker er det reglane i tvistelova kapittel 29 og 30 som gjeld for anke. Reglane for anke over dom, anke over orskurd og anke over beslutning er litt ulike. Nedanfor finn du meir informasjon og rettleiing om reglane.

Ankefrist og gebyr

Dersom retten ikkje har fastsett ein annan frist, er fristen for å anke ein månad frå den dagen avgjerda blei gjort kjent for deg. Desse periodane tel ikkje med når fristen blir berekna (rettsferie):

- frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag
- frå og med 1. juli til og med 15. august
- frå og med 24. desember til og med 3. januar

Den som ankar, må betale behandlingsgebyr. Du kan få meir informasjon om gebyret frå den domstolen som har behandla saka.

Kva må ankeerklæringa innehalde?

I ankeerklæringa må du nemne

- kva for avgjerd du ankar
- kva for domstol du ankar til
- namn og adresse på partar, partsrepresentantar og prosessfullmektigar
- kva du meiner er feil med den avgjerda som er tatt
- den faktiske og rettslege grunnivinga for at det ligg føre feil
- kva for nye fakta, bevis eller rettslege grunnar du vil leggje fram
- om anken gjeld heile avgjerda eller berre delar av den
- det kravet ankesaka gjeld, og kva for resultat du krev
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vore tvil om det
- korleis du meiner anken skal behandlast vidare

Dersom du vil anke ein dom frå tingretten til lagmannsretten

Dommar frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Du kan anke ein dom dersom du meiner det er

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i dommen
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Dersom du vil anke, må du sende ei skriftleg ankeerklæring til den tingretten som har behandla saka. Dersom du fører saka sjølv utan advokat, kan du møte opp i tingretten og anke munnleg. Retten kan og tillate at prosessfullmektigar som ikkje er advokatar, ankar munnleg.

Det er til vanleg ei munnleg forhandling i lagmannsretten som avgjer anke over dom. Ved ankebehandlinga skal lagmannsretten konsentrere seg om dei delane av avgjerda til tingretten som er omtvista, og som der er knytt tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle ein anke dersom lagmannsretten kjem til at det er klart at dommen frå tingretten ikkje vil bli endra. I tillegg kan retten nekte å behandle enkelte krav eller ankegrunnar sjølv om resten av anken blir behandla.

Retten til å anke er avgrensa i saker som gjeld formueverdi under 125 000 kroner

Dersom anken gjeld ein formueverdi under 125 000 kroner, blir det kravd samtykke frå lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandla.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legg retten vekt på

- saka sin karakter
- partane sitt behov for å få saka prøvd på ny
- om det ser ut til å vere svake sider ved avgjerda som er anka, eller ved behandlinga av saka

Dersom du vil anke avgjerd i lagmannsretten til Høgsterett

Høgsterett er ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten.

Anke til Høgsterett over *dom* krev alltid samtykke frå ankeutvalet i Høgsterett. Samtykke blir berre gitt når anken gjeld spørsmål som har betydning ut over den aktuelle saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka behandla av Høgsterett. Anke over dom blir til vanleg avgjort etter munnleg forhandling.